

VESTLANDSFORSKING 30 ÅR

Ekstremkommunen

■ ■ Hardt råk ■ ■ Ser kopling til klimaendringar



KRISELEIAR: Ordførar Jan Geir Solheim er blitt vand til å reise rundt og snakke om korleis ekstremvær har råka kommunen hardt fleire gonger dei siste åra. Til no har han hatt 22 slike oppdrag.

LÆRDAL: I Lærdal sit ein ordførar som er blitt vand til å reise rundt for å snakke om korleis ekstremvær har råka kommunen hardt fleire gonger dei siste åra.

I Lærdal sit ein ordførar som er blitt vand til å reise rundt for å snakke om korleis ekstremvær har råka kommunen hardt fleire gonger dei siste åra.

– Under «Dagmar» i 2011 fekk vi veldige skadar tre stader i Lærdal. Då det tok til å brenne i 2014 kunne heile Øyri ha gått med på grunn av retninga og styrken på vinden; vi var langt frå førebudde på noko slikt. Så, i oktober 2014, vart vi overraska av kraftig, lokalt regn som fekk sideelvar til å fløyme over og gjere stor skade, seier Jan Geir Solheim. Hendingane i Lærdal har vore ei stor påkjenning for heile lokalsamfunnet.

Då forskarar ved geografisk institutt på NTNU, som Vest-

landsforskning samarbeider tett med, vurderte kor sårbare alle landets kommunar var for ekstremvær i 2013, kom Lærdal dårlegast ut på Vestlandet. På landsbasis hamna dei på femteplass, som ein av dei mest vêrutsette kommunane i heile Noreg.

– No har vi fått mykje på få år, seier Solheim. Han har gjort seg opp nokre tankar om koplinga mellom vêret og menneska si framferd etter alt som har råka heimstaden hans.

– Eg er ikkje i tvil om at

vi forbrukar så mykje fossilt brennstoff at det gjer noko med balansen i naturen. Eg føler meg overtydd om det, seier Lærdals-ordføraren.

Ordføraren tenker sitt om ansvaret vårt overfor kommande generasjonar.

– Framferda vår blir jo godt dokumentert for all framtid. Vi kjem ikkje til å få gode skotsmål om fem hundre eller tusen år, viss vi ser oss sjølv i eit større perspektiv, seier han.

Annleis etter hendingar

HERMANSVERK: Sogn og Fjordane har lagt bak seg nok ein haust der ekstremvær skaka mange. På Statens Hus på Leikanger er dei etter kvart blitt gode til å tilbringe strabasiose uvêrskveldar og - netter på jobben.

– Eg trur hendingar som «Dagmar» i 2011 har gjort sitt for å dempe folk sin klimaskepsis, seier Nils Erling Yndesdal. Det same meiner fylkesberedskapssjef Haavard Stensvand, som stadig oftare sit i såkalla «krisestab» for å støtte ordførarar og rådmenn gjennom


dramatiske flaumar og stormar.

– Når Fylkesmannen ber kommunane om å setje i gang med tiltak for å tilpasse seg klimaendringar, høyrer vi sjeldan eller aldri at dei ikkje syns at det er fornuftig, seier Stensvand.

Folk i kommunane opplever hardare vêr enn før, og dei gjer det som skal til for å handtere situasjonen når uvêret kjem.

– Kva tenkjer du sjølv om klimaendringane?

– Eg har ikkje eigentleg tvila på at klimaendringane er reelle og menneskeskapte, seier Stensvand. Når til og med den amerikanske statlege romfartsorganisasjonen NASA går god for klimaendringane, forstår du at dette ikkje berre er noko ein «raddis-



KRISESTAB: Statens Hus på Leikanger er dei etter kvart blitt gode til å tilbringe strabasiose uvêrskveldar og - netter på jobben. (Arkiv frå Dagmarnatta då Statens hus var åleine om å ha straum).

gjeng» har funne på. For meg er det sjølv kronbeviset på at det vitskapelege miljøet har samla seg om ei felles forståing av at klimaet er i endring, og kva som er årsaka til det. Eg kjenner meg sikrere enn nokon gong på at noko må gjerast.

– Kva skal ein seie til dei som likevel tvilar på at klimaet endrar seg?

– Vi har ikkje gjort noko gale viss vi set i verk tiltak, og det skulle vise seg i framtida at vi faktisk tok feil, seier Stensvand.

Klimaskepsis heime og ute

Forskningsleiar Carlo Aall ved Vestlandsforskning er opptatt av å forstå bakgrunnen for den utbreidde klimaskepsisen. Skepsisen til at klimagassutsleppa står bak dei endringane vi ser i naturen har overraskande godt fotfeste. Mange vegrar seg for å ta inn over seg åtvaringane som kjem frå vitskapeleg hald. Carlo Aall meiner det er viktig at vi prøver å forstå dette fenomenet. Klimaskepsisen står sterkast i land som historisk har bidrege mest til klimagassutsleppa. Særleg i USA, som er alfa og omega for framdrifta i den globale klimapolitikken, held kampen om klimasanninga fram. I januar i år gjekk Senatet inn for ein uttale om at klimaendringane er reelle. Derimot vart det ikkje fleirtal for utsegnar om at det er menneskeskapte utslepp som fører til klimaendringane. Men ønsket om å så tvil om klimaforskinga og motstanden mot ein effektiv klimapolitikk har tilhengjarar også blant vanlege folk her til lands som ytrar seg i lesarinnlegg og kommentarfelt. – Det er viktig å hugse at denne motstanden, som ofte blir knytt til omgrepet «klimaskepsis», er noko heilt anna enn den «sunne» skepsisen som finst i all forskning og går ut på å stille spørsmål ved gjeldande konklusjonar og metodane ein har nytta, seier Aall.

Mange som formidlar kunnskap om klimaproblemet opplever med jamne mellomrom å bli stilt til veggs av menneske med ein klimaskeptisk dagsorden. Fylkesmiljøvernssjef Nils Erling Yndesdal trur lokalavisene er ein forsømd arena.

– Mange av dei som skriv klimaskeptiske lesarinnlegg i lokalavisene er skriveføre. Det dei skriv kan difor verke truverdige, og eg er sikker på at slike innlegg går inn hos mange lesarar. Det merkar eg på eldre slektingar. Mange sluker klimaskeptiske påstandar rått.

– Betyr det noko at ingen svarar på slike innlegg?

– Ja, eg fryktar at tausheit frå oss betyr noko. Det er litt gløymt av forskarar og forvaltninga at lokalavisene har enormt stor innverknad. Vi burde nok vore meir aktive på det feltet, seier Yndesdal.

– Har klimaforskarane eit ansvar for å delta i denne debatten, Carlo Aall?

– Det er spesielt krevjande å drive med formidling av kunnskap om klima, fordi ein fort rører ved kompliserte makt- og verdspørsmål. Då blir det lett mykje «støy». Vi klimaforskarar har likevel eit ansvar for å delta i debatten – vi kan ikkje velje å vere tause. Til det står alt for mykje på spel.